



**Naturvernforbundet**

Vest-Telemark

Nissedal, 10.11.25

Til

NVE,

Postboks 5091, Majorstuen,

0301 OSLO

**Høringsuttale, saksnr.: 202412343 - Laugevatn.**

**Tokke kommune.**

**Riving av demning.**

**Naturvernforbundet i Vest-Telemark (NVVT)** viser til planlagt riving av demningen ved Laugevatn - og sender med dette fylgjande innspel.

Etter Naturmangfaldloven §§8-12 kan ikkje naturinngrep vurderast før det forelegg biologisk kartlegging av artar og økosystem. Laugevatn har etablert bestand av bever, fugl knytta til vatn, eit rikt insektliv og fisk.

I tillegg til dette er demningen truleg frå rundt 1890-1900 - og omfattast difor av Kulturminneloven §§19-20. Pga dette må det gjerast ei kulturminnefagleg vurdering før ein tek stilling til eventuell riving.

**NVVT vil understreke** at Laugevatn er viktig for både folk, friluftsliv og naturmangfald, så vi ber om ein kunnskapsbasera prosess når eventuell riving skal vurderast.

Naturvernforbundet Vest-Telemark

v/ styret.